

Til alle ungdomsråd og kommunar i Hordaland

Dato: 12.12.2014
Vår ref.: 2014/559-9
Dykkar ref.:

Invitasjon til Ungdommens fylkesting 2016

På vegne av Ungdommens fylkesting har Ungdommens fylkesutval (UFU) gleda av å invitere til Ungdommens fylkesting i Hordaland 2016. Tinget vert arrangert 12. – 14. februar på Quality Hotel Edvard Grieg Bergen. Hotellet ligg like ved det nye Statoil bygget på Sandsli.

Ungdommens fylkesting i Hordaland (UFT) er ein arena og møteplass for ungdom frå heile fylket. Her kan ein seia si meining og diskutera viktige saker med andre engasjerte ungdommar, samtidig som det er veldig sosialt og kjekt. Ungdommens fylkesting er eit talerøyr, og det øvste organet for dei unge sine interesser i Hordaland. Ungdommens fylkesting vart for første gong arrangert i 1997, og har sidan vorte helde i 18 år på rad.

I tråd med gjeldande vedtekter er det representantar frå kommunale ungdomsråd i Hordaland som kan få delegatstatus på Ungdommens fylkesting. Kvar av desse blir invitert til å sende to ungdommar. Delegatane må etter vedtektene vera mellom 15 og 20 år. Det vil seie at ein må fylle 15 det året Ungdommens fylkesting vert heldt, og kan delta til og med det året ein fyllar 20 år. I kommunar utan ungdomsråd kan ein sende to ungdommar frå til dømes elevråd eller liknande til å representera kommunen.

På Ungdommens fylkesting skal følgjande sakar verte vedteken:

- Nytt ungdommens planprogram
- Val av nye medlemmar til Ungdommens fylkesutval
- Nye vedtekter
- Budsjett 2015
- I tillegg skal regnskapet for 2014 verte godkjent.

Ungdommens fylkesutval oppmodar kommunane til å sende engasjert ungdom som er aktive i ungdomsrådet. Send gjerne nokon som kunne tenkt seg å stille til val til nytt ungdommens fylkesutval.

Visst dykk har nokon sakar dykk brenn veldig for, så er det mogleg å sende inn sakar til Ungdommens fylkesting på førehand! Sakar sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no

Pris per person er satt til kr. 2300,- som inkluderer materiell, overnatting med frukost, middag og lunsj. Innkvartering skjer på triple rom.

Det er vanleg at kommunen du representerer på UFT vil betale for deltakinga. Undersøk dette med den som gjev deg fullmakt til å vera delegat. Reiseutgifter må dekkast av delegaten sjølv, eller eventuelt den skulen, kommunen eller organisasjonen delegaten representerer.

Påmelding gjerast gjennom denne linken: <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2016/Ungdommens-fylkesting-2016> innan 23. januar.

Skulle det vera spørsmål angående invitasjon eller påmelding kan desse rettast til Ingeborg Borgen Takle: ingeborg.borgen.takle@hfk.no. Dersom det er spørsmål til innhaldet, ta kontakt med Ungdommens Fylkesutval: ungdommens.fylkesutval@hfk.no.

Vil du vera med å påverka din eigen kvardag? Meld deg på!

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- Ungdommens planprogram 2015
- Gjeldande vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval